



## MEDLEMSBREV NR. 2 – 2018

Kjære medlem, [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) er alltid oppdatert, men sidan ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet er på nett, deler styret aktivitetane i selskapet også på gamlemåten, her andre halvår 2018.

### Aktivitetar andre halvår 2018

#### Prosjekt ”Digitalisering av Sletto-arkivet” – fase II formidling og publisering

Som i heile 2017, er det dette prosjektet styret har prioritert, også i 2018. 31. juli vart siste punktum sett for transkriberinga av breva mellom Olav og Karin Sletto. Då var fleire hundre brev skrivne av, og fleire tusen originale brevsider skanna. Alt dette er lagra elektronisk, som alt anna transkribert stoff frå Sletto-arkivet. No gjeldt det publisering på vår heimeside. Men framleis ventar vi på svar på søknad sendt inn i april 2018 om støtte til dette tiltaket frå arkiveigaren, Hol kommune.

#### Artiklar frå det transkriberte materialet

Avskriftene frå brev til og frå Olav Sletto byr seg fram for formidling, og artiklar blir skrivne og publiserte både elektronisk (på [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no), og på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) - taleferdartiklar). Fleire artiklar er publisert i Olav Sletto-selskapet sitt Årshefte 2018 (Almhjell og Sørli). Oppunder jul 2018 kjem Margarethe L’orange med ein artikkel basert på brev frå kjente forfattarar til Olav Sletto i Dølaminne 2018. Eva Almhjell publiserer ein artikkel om Slettos tid i Vollen i Asker (1912-1917) i Årbok 2018 for Vollen historielag.

#### Sletto-brev til Alf Larsen blir transkribert

Margarethe L’orange har, i tillegg til alt ho til no har transkribert etc., raust nok tilbydd seg å skrive av alle brev Olav Sletto skreiv til sin åndsfrunde, Alf Larsen, på Tjøme. Når Nasjonalbiblioteket har fått ordna Sletto-breva i Larsen-arkivet, er ho i gang.



Eva Almhjell les Sletto-tekster i skogen ved Leveld Kunstnartun. Foto: Grethe Larsgard Rudningen

Denne sommaren har den faste utstillinga av strålende vevde teppe av Birgit Hagen i skogen ved Leveld Kunstnartun, fått følgje av tekster frå ulike, mest lokale diktarar. Utstillinga vart kalla «Dikt i skogen». Tekstene handlar om tilhøvet mellom menneske og natur. Blant dei utvalde diktarane finn vi to tekstplakater av Olav Sletto. Leveld Kunstnartun og Olav Sletto-selskapet følgjer opp avtala om samarbeid. Dette er eit døme på godt samarbeid.

### Minnemarkering for Slettos fem år i Vollen



Operasongar Ying Teng og Eva Almhjell. Foto: Tordis Ødbehr

Vollen historielag si minnemarkering var lagt til søndag 16. september 2018. Dei sessa seg under ein våt teltduk, dei omkring 80 tilhøyrarane frå Vollen, då leiar i Olav Sletto-selskapet, Eva Almhjell, fortalte om Olav og Karin Sletto sine fem år i Vesleheimen (1912-1917). Foredraget kalla ho «Lyse utetter og verme innerter». Dei hadde store draumar for liv og samliv i den fyrste heimen sin, Olav og Karin, store draumar,.. som ikkje vart heilt slik dei hadde tenkt.



Programleiar Morten Gisle Johnsen. Foto: E. Almhjell.



Dagens vertinne, Trine Bendixen. Foto: E. Almhjell.

Dagens vertinne var Trine Bendixen, Vesleheimen-eigar sidan 2012, som ynskte varmt velkomen.

Programleiar Morten Gisle Johnsen batt dagen saman på ein framifrå måte. Operasongar Ying Teng tok oss med si varme, sterke stemme inn i den stemninga som vi tenkjer oss var del av livet i Vesleheimen for meir enn hundre år sidan. Taletekst og songtekst fletta seg naturleg i kvarandre. Magisk, sa Ying Teng.

Eva Almhjell var med på årets **Humor-Galei**.

## Olav Sletto-dagen 2018



F.v. Eva Almhjell, Jørn Øyrehagen Sunde, Erling Lae, Kjerstin og Roberto Pronzato og Erling Sørli.

Foto: Anne Kaslegard.

Olav Sletto-dagen ligg bak. Best ever, takk vera topp forelesarar, som Erling Sørli, Erling Lae, Jørn Øyrehagen Sunde og Eva Almhjell. Erling Sørli fortalde om Slettos relasjon til kritikarane (i Årshefte 2018 finn du heile tala).

Erling Lae, hyttehalling i andre generasjon på Gol, var som vanleg, seriøs og morosam då han fortalde om sitt møte med Per-bøkene og Per frå Hol. Han vart fanga av Sletto si skildring av Per sin oppvekst i fjellbygda på slutten av 1800-talet. Han skriv så forførande godt, og tek oss med inn i ei verd der det er godt vera, sa Lae. Per Spegil er eit under! Men ein ting er barnepsykologen Sletto. Han er meisterleg. Ein annan er dyreskildringane hans. Han går Mikkjel Fønhus ein høg gang, meinte Lae, som knapt greidde sleppe forholdet mellom den etterkvart mannevonde stuten, Botsvarten, og budeia Storedundra, i Per Stavlang. For ein kjærleik! Likevel: Var ikkje bygd og bygdefolk skildra litt for harmoniske? Og kva med bygdedyret?

Størst av alt er kjærleiken, står det i den store boka. Så også for unge Olav Sletto (1886-1963) og hans brur, Karin Bryde (1884-1965). Brennande var den, kjærleiken i Vesleheimen - og krevjande. Med Satan-besøk både ein og fleire gonger, men oftast vart det helsa slik i breva: Eg din - du min - i all æva. Din trufaste mann. Dit trofaste viv. Eva Almhjell fortalde frå breva mellom dei to elskande fram til 1917. Det vart fragment frå meir enn 500 brev. Ho fekk musikalsk følgje av Kjerstin (sang) og Roberto (piano) Pronzato, som framførte romantiske musikkstykke frå Slettos samtid: Edv. Griegs "Jeg elsker dig" og "Aftenstemning". Vakkert.

Men den som også denne gongen trollbatt forsamlinga

på vel 40 folk, var Jørn Øyrehagen Sunde, med sitt foredrag om essayisten Olav Sletto. Det var som å ha meistartalaren Olav Sletto sjølv i salen. Sunde nærast dansa fram tankar om tenarårnden, der ingen skal inngå i herre-slave relasjonar, men tene andre av eigen, fri vilje. Han framheva arbeidets sentrale betydning: gleden ved arbeidet, songen i arbeidet. Ja, arbeidet toppa sjølve paradiset i Sletto si religiøse forestillingsverd. Ein slik tenkar kunne aldri vera del av ei autoritær rørsle som t.d. nazismen, sa Øyrehagen Sunde, som konkluderte med at Sletto var ein religiøs utopist, og nesten for anarkist å rekne – i denne samanhengen.

Lommeur, type amerikansk jernbaneur, med gamal lekkje frå Hallingdal, vart overrekt talaren, som sidan 2013 har forska på Olav Sletto, som har gitt foredrag på foredrag, skrivt artikkel etter artikkel, til årshefter og bok, som er rettleiar i Olav Sletto-selskapet si storsatsing på digitalisering av Sletto-arkivet, og for leiaren sin skriveprosess, for å nemne noko. Og alt dette utan nokon gong å ha tatt seg ei krone betalt. Han var glad for gava, og kunne på ståande fot ha gitt eit foredrag om amerikanske jernbaneur, spesielt laga for å tole skakingar. Slike interesserte han spesielt. Klappinga ville ingen ende ta. Og slik enda Olav Sletto-dagen 2018.



Men vi skal ikkje gløyme den fine opninga av dagen som ordførar i kulturkommunen Ål, Solveig Vestenfor, sto for. Ho var stolt over at hennar kommune er med og støttar Olav Sletto-selskapet, slik også SKUE Sparebank, Ål Mållag og Buskerud Mållag har gjort gjennom fleire år. Utan denne støtta, ingen Olav Sletto-dagen. Stor takk. Takk ikkje minst til eit utsøkt publikum. Takk til aktørane på golvet.

Arrangørar 2018 var: Olav Sletto-selskapet og biblioteka i Nes, Hol og Ål. Ein stor takk til sistnemnde, ved Anne Kaslegard, som sto for den praktiske tilrettelegginga av halvdagsseminaret.

### Geilo ungdomsskole og Olavs kjærleik

Måndag 15. oktober 2018 gjesta Eva Almhjell tre klassar på 10. trinn ved Geilo ungdomsskole. 3 x 28 femtenåringar fekk høyre om Olav og Karin sin brennande kjærleik. Det var ei stor glede å få møte desse fine ungdomane, seier Eva Almhjell.

### God haust, gode medlemmer!

Tønsberg, oktober 2018/EA.